



Eiendomsmegler Vest AS
Kvernhusmyrane 5
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2315 - 16/21028

Saksbehandlar:

Kjartan Nyhammer

kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:

08.08.2016

Landbrukssak - Søknad om konsesjon - gbnr 120/6 Tyborgnes

Syner til søknad om konsesjon, motteke 13.07.2016

Saka gjeld :

Søknaden skal handsamast etter konsesjonslova då det er konsesjonsplikt på eigedomen. Dette fordi eigedomen er totalt over 100 dekar. Det kviler ikkje buplikt på eigedomen då summen av full- og overflatedyrka mark er under 25 dekar.

Søklar(ane):

Kjøpar, Arve Mongstad, vil vidareføra dagens bruk av eigedomen. Driveplikta knytta til jordbruksarealet vert stetta ved sjølv å slå delar av arealet og truleg beiting av nabobruk med sauehald. Skogen vil også verta skjøtta. Vidare har søklar planar om grønsaker og bærproduksjon.

Eigedomen m/rettar

I følgje gardskartet er landbrukseigedomen gbnr 120/6 totalt 276 dekar. Av dette er 16,5 dekar full- og overflatedyrka mark og ca 9 dekar innmarksbeite. Vidare er det ca 90 dekar produktiv skog. Dei resterande 160 dekar er uproduktiv skog, myr og skrinnt utmark. Bygningsmassen er i god stand og består av bustadhus, løe, uthus, naust og jordkjellar.

Saksutgreiing :

Konsesjonslova har til føremål å regulera og kontrollera omsetjinga av fast eiendom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet, m.a. for å tilgodesjå framtidige generasjoners behov, landbruksnæringa, behovet for utbyggingsgrunn, omsynet til miljøet, allmenne naturvern- og friluftssinteresser og omsynet til busetting.

Ved avgjersle av søknad om konsesjon for kjøp av landbrukseigedom skal det leggjast særlig vekt på:

- om den avtalte prisen er i tråd med ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling,

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



- om kjøpar sitt formål vil ivareta omsynet til busetting i området
- om kjøpet innebær ei driftsmessig god løysing
- om kjøpar er skikka til å driva eigedomen

Det er ikkje priskontroll på denne overdraginga då kjøpesummen er under kr 3 500 000. Ved kjøpesum over kr 3 500 000 skal kommunen gjere ei verdivurdering jfr rundskriv M-/2016 frå Landbruks- og matdepartementet.

Kjøpar vert ikkje pålagt buplikt på eigedomen. Dette fordi eigedomen har mindre enn 25 dekar full- og overflatedyrka mark og fordi ein ser det som urimeleg å pålegge folk buplikt på stader veg og/eller offentleg kommunikasjon.

Det som er viktig for Lindås kommune er at driveplikta vert ivareteke på innmarka. For å stette kravet til driveplikt må søkjar hauste innmarka med eiga drift med beitedyr og evt slått. Alternativt kan ein inngå ein 10 årig skriftleg leigeavtale med eit anna bruk i aktiv drift som vil ta jobben med å beite jordbruksarealet på den omsøkte garden.

Det er eit heller lite jordbruksareal, men det utgjer eit verdifult og vakkert kulturlandskap i ein flott skjærgard. Difor er det viktig at driveplikta vert handheva.

Koklusjon:

Arve Mongstad får konsesjon for kjøp av gbnr 120/6 av Tyborgnes i Lindås kommune.

Vedtak :

Arve Mongstad får konsesjon for kjøp av gbnr 120/6 av Tyboorgnes i Lindås kommune. Vedtaket har heimel i §§ 1 og 9 i konsesjonslova.

Vedtaket kan påklagast innan 3 veker jfr forvaltningslova.

Det vert sendt ut sakshandsamingsgebyr på kr 5000 jfr Lindås kommune sitt sakshandsamingsgebyr.

Med helsing

Kjartan Nyhammar
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arve Mongstad

Nordre Nesjavei 5108
77

HORDVIK

Karstein Jonas Stene

Hellebakken 3 5039

BERGEN

Mottakarar:
Eiendomsmegler Vest AS

Kvernhusmyrane 5 5914

ISDALSTØ